

# ÅRSMELDING 2018



*Foto: Hallvard Sandvik*

## Sykkylven sokneråd

# ÅRSMELDING SYKKYLVEN SOKNERÅD 2018

## Sykkylven sokneråd har hatt følgjande medlemmar:

Sokneprest: Simen Elias Nordbrønd Myklebust  
Leiar: May Lisbeth Hovlid Aurdal  
Nestleiar: Bjørg Djupvik Grebstad  
Medlemar: Torbjørn Støylen, Liv Nordli Hole, Monica Breivik Orre, Janne Beate Svindseth  
Skrivar Knut Henning Aursnes (1.vara møter fast)

Varamedlemar : 2.Per Bjørnar Tynes 3.Ole-Petter Solnørdal  
4. Marit Helen Akslen 5. Olav Martin Lid

Antal soknerådsmøter 2018 7 møter  
Antal saker handsama 50 saker  
Felles møte m/Ikornnes 1 møte  
Antal fellessaker handsama 2 saker

## Arbeidet i rådet generelt 2018

Vi viser til møtereferata som ligg på heimesida til Sykkylven kyrkje ([www.sykkylven.kyrkja.no/råd](http://www.sykkylven.kyrkja.no/råd)) for meir detaljert informasjon.

## Av saker i 2018 kan nemnast:

- Årshjul m/oppgåvefordeling og besøk av tilsette i SR møte
- Årsmelding / gjennomarbeiding
- Utsmykking/møblering våpenhus/kyrkjestova
- Forlenging av glasmåleria
- Medhjelparfest
- Søknader om støtte: Leirarbeid/8.mars/Gospelkoret/Overøye
- Kompenserande tiltak mot redusert presteressurs
- Eittåring frå bibelskulen i Grimstad
- Misjon og sosiale medier
- Innspel til mandat og kommentar til BUF-utvalet
- Høyringsuttale - kyrkjeordning for Den norske kyrkje
- Førebuing visitas 3 til 2019

## Felles saker Sykkylven og Ikornnes sokneråd

Diakoniplan

Trusopplæringsutval / Barne og ungdomsråd

KN kontakt : Janne Svindset / Bjørg Djupvik Grebstad  
Kirkens SOS repr : Torbjørn Støylen/Torill Olin Skjeret

## **Den norske kyrkje har desse måla for arbeidet :**

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerar seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Desse måla let vi klinge med, når vi ser på arbeidet i Sykkylven kyrkjelyd.

### **Diakoniutval og Diakoniplan**

Vi har ikkje Diakoniutval enno, men ei gruppe frå Ikornnes og Sykkylven sokneråd har gjort eit stort arbeid med utarbeiding av diakoniplan. Planen omfattar kartlegging av eksisterande arbeid og visjonar. Den er sendt til biskopen for godkjenning. Det vert oppfordra til å lese den for informasjon, inspirasjon og utfordring til teneste.

*Målsetjing for diakonien i Sykkylven- og Ikornnes kyrkjelyd: Sykkylven og Ikornnes kyrkjelyd skal vere inkluderande, misjonerande og omsorgsfull. Kyrkjelyden vil vere bevisst på ansvaret vi har for alle menneske - både i kyrkjelyden og for menneska som lir andre stader i verda. Vi vil vere ansvarlege i forvaltninga av skaparverket til det beste for alle, og i kampen for rettferd.*

Ikornnes og Sykkylven sokneråd ynskjer felles diakoniutval.

### **Misjonsutval**

Misjonsutvalet jobbar for at misjon skal vere ein integrert del av kyrkjelyden sitt arbeid, saman med frivillige og tilsette. Gjennom gudstenestearbeidet, forbøn, offer, informasjon og inspirasjon.

Her kan vi verte betre, gjennom å aktivt bruke inspirasjonsstoff, både verbalt og visuelt på skjermar og heimeside. Trua kjem av forkynninga, og det er viktig at alle aldrar vert utfordra til å dele tid, ting, tru og talent. Kyrkjelyden har misjonsavtale i Thailand med NMS, Kirkens Bymisjon og mini prostiavtale med Israelsmisjonen.

### **Barne- ungdoms og familieutval**

Ikornnes og Sykkylven sokneråd har oppretta felles barne-ungdoms og familieutval. BUF har hatt nokre møter, og referat, mandat og oppgåver er lagt fram for sokneråda. Det vert arbeidd vidare med i 2019.

**Utval samarbeid** Det er viktig å sjå dei ulike utval sitt arbeid i forhold til kvarandre, gi kvarandre innspel og arbeide saman. Misjonsutvalet sitt mandat seier: «*Misjon skal vere ein dimensjon i alt kyrkja er og gjer, for barn, ungdom og vaksne*».

Misjonsutvalet har oppfordra sokneråda til å tenke misjon innanfor dei eksisterande tiltaka, framfor å lage nye tiltak for misjon spesielt. Bispevisitasen gav denne utfordringa: «*Misjonsdelen i trusopplæringsplanen er for liten og for lite konkret slik den er no. Dette kan jobbast vidare med*». Leiarar i ulike tiltak: Familieleir, XLR8, fredagsklubben, søndagsskule, maxigjeng, tweens, konfirmantarbeid, familiemiddag, sang/korarbeid og gudstenester kan gjerne etterspør innspel frå misjonsutvalet, for å vere med å gi innhald med misjonsperspektiv.

Sykkylven kyrkjelyd er medlem i NMS gjennom familiemiddag blant anna. Her er det stoff og besøk å hente inn i trusopplæringa. Slik kan ein gi kvarandre drahjelp, og skape heilskap i arbeidet. Gudsteneste med misjonsfokus, NMS misjonsavtale-markering, middag og misjonsløp etter gudstenesta vart utsett i 2018, men ein vil saman med søndagsskulen jobbe for slik samling vår 2019.

### **Onsdagsmiddag**

Varierer frå 40-75, oppi 100. Dette er ei klar auke.

Oddetalsonsdagar er alle velkomne, - både barnefamiliar og alle som kan tenke seg å dele måltidsfellesskap saman med andre. Middagstilbodet er mao ikkje berre for dei som går i kor, men eit tilbod til alle, om å kjøpe seg rimeleg middag, og få eit sosialt og godt måltid før ein skal vidare. Ei fin muligheit til å møte nye; både nye og gamle landsmenn, og til å invitere med seg nokon. Slik kan dette fungere som eit diakonalt tiltak også, i tillegg til at overskotet går til misjonsprosjektet i Thailand.

Misjonsinformasjon vert gjeve på nokre av middagane, med bilder og brosjyrer. Stor takk til trufaste middagsskokarar frå NMS-forening. Eit godt samarbeid kyrkje/misjon.

### **Arrangement**

#### **Kurs Kirkens SOS 13.02.18**

Soknerådet inviterte saman med Fønix ope og breitt, og henvendte seg også til politi, kommune, ambulanse til å ta del på "God å snakke med" kurs, for å bli betre samtalepartner. 80 tok del i samtale, gruppearbeid, foredrag og rollespel om kommunikasjon. Dette handlar også om diakoni i praksis, og å vere kyrkje i lokalsamfunnet.

#### **Medhjelparfest 15.03.18**

Tema: "Korleis er det å vere frivillig i kyrkjelyden?" Alle frivillige medarbeidarar invitert,- alle som kjende seg engasjert for kyrkja. Uansett om ein har faste oppgåver eller ikkje. Melding gjekk ut til 200 stk, med oppfordring om å dele invitasjonen med andre. Lovsangsgruppa og Blessing sang. Kyrkjeverge delte tankar om frivilligheit frå oppgåva si og sokneprest hadde bibelrefleksjon. Ungdomsarbeidar formidla frå arbeidet og utfordra til avkryssing om teneste. Servering: gryterett og marsipanekake. Medlemene i soknerådet stod for det praktiske. SR var ansvarleg for festen. May L.H. Aurdal leia. Fleire frå ulike arbeidsgreiner var utfordra til å seie noko om det dei arbeidde med som td bønnesamling, kyrkjemesse, husgruppe, kyrkjetenar, tekstlesarar søndagsskule, b&u utv, sokneråd og kaffikokarar.

Det førte til at festen hadde uvanleg mange bidragsytarar, fleire fekk innblikk i arbeidet og involvering skaper større interesse og eigarskap til arbeidet. Mange gav positive tilbakemeldingar, nettopp av denne grunnen. Etter festen var det meditasjon og bøn.

#### **Årsmøte 18.03.18 og årsmelding**

Årsmelding skal leggjast ut på heimesida til Sykkylven kyrkje og kunngjerast to søndagar før årsmøtet. I tillegg skal årsmeldinga vere tilgjengeleg til same tid på papir i kyrkja. Søndag 18.03. var det bøsseutdeling til fasteaksjonen etter gudstenesta, kyrkjekaffi og deretter årsmøte. Sidan det gjekk litt lang tid før vi kom i gang med årsmøtet, gjekk fleire av folket og ein liten del sat att. Få frå stab og sokneråd, gav ikkje årsmøtet det innhald det er tenkt. Årsmelding vart lest, powerpoint frå barne & ungdomsarbeidet vist. Det vart kommentarar og innspel, samt spørsmål om meir frå arbeidet i fredagsklubben og plan for sang og musikk.

Uttalt ynskje for neste årsmøte : Ein dag då sokneråd og stab kan presentere året saman, og få ein samtale om arbeidet td samtidig med medhjelparfesten.

#### **Godheitsveka 23.-29.04.18**

Ei initiativgruppe med utspring i kyrkja inviterte breitt til møte i Sykkylven kyrkje for å samarbeide om ei godheitsveke i Sykkylven kommune. Ei veke der ein på tvers av religion, krins, lag og organisasjonar sett fokus på å glede andre og spreie godheit.

I mars vart styringsgruppe på 5 etablert: Arnhild Almås, Sykkylven Bedehusforsamling, Per Arne Sylte, Sykkylven Jeger-og fiskeforening, Steinar Klokk, Sykkylven speidargruppe og Vikedalen barnehage, Morten Oksavik, Frivilligsentralen og Arild Sporsheim frå Den norske kyrkja. Det resulterte i Godheitsveka 23.-29.04. med særleg fokus på å glede andre og stå saman om å spreie godheit. Barn, unge og vaksne erfarte at å vise godheit gjer godt for den som får og den som gir. Summen av alle godheitsbidraga gjorde markant forskjell for oss i Sykkylven og gav ringverknadar utover kommunegrensa. Planen er at dette skal være ein årleg aksjon i Sykkylven.

### **Kyrkjemessa 28. - 29.09.18**

*"Dette var ei kjekk helg!"* Årets messe var tradisjonen tru ei blanding av matsal, variert program og loddsal. Alt omslutta av store smil, latter og glede. Nytt av året var orienteringsløp for barn v/Pernille I Lervåg. Det var også bildeutstilling v/ Evy Nupen på Kyrkjeterget. Kunstutstillinga er ein fin tradisjon som mange set pris på under messa, og i tida før og etter. Kyrkjemessestyret uttrykker glede over alle frivillige som deltek med tid, kaker og gevinstar. Takk også til alle som bidro med program. Barn, unge og vaksne var i elden under festdagane. Over 200 engasjerte medarbeidarar la ned innsats i forkant og under messa. Våre eigne barne- og ungdomskor er sær viktige på messa. Det var mykje folk begge dagar. Resultatet for Kyrkjemessa og lotteriet vart om lag kr. 130.000,- overført til fond for barne- og ungdomsarbeidet. Stor takk til kyrkjemessestyret, programkomiteen og alle som gjorde ein innsats.

### **Seniordagen 28.10.2018**

Seniordagen er et fint samarbeid med kommunen om gudstjeneste med middag i kyrkjestova etterpå. Kommunen betalar maten og ordføreren har ei helsing. Sokneråda på Ikornnes og i Sykkylven står for arrangementet, tillaging, servering, invitasjon og omtale i avisa. Det er et fint treffpunkt og ein god tradisjon som mange set pris på. Sang og musikk av Katrine Numme og Rose I. Stave. Ingunn Hunnes las dikt og nestleiar i SR, Bjørg Djupvik Grebstad leia. Seniorar er ofte definert som 60+. Dei er ein ressurs for samfunnet og har vore det i mange år. Ein ynskjer med denne dagen å sette pris på det dei har bidrege med: å ta hånd om familie, naboar, deltaking i arbeid, foreningar og lag, kyrkje, idrett, politikk og ved å støtte opp om lokalsamfunnet og å bidra til at Norge er et godt land å bu i. (Kyrkjekaffien er viktig, og denne dagen vart den på kyrkjeterget.)

### **Gudstenester og kyrkjelydsarbeid** (Sjå vedlegg Gudstenestestatistikk)

Soknerådet har vore opptekne av vekst i kyrkjelyden, både gjennom antal mennesker som deltek i ulikt kyrkjelydsarbeid, korleis vi møter kvarandre og at trua og kjærleiken hjå den einskilde skal styrkast. Gjennom mange år har det vore arbeid for å styrke gudstenesta, med inkludering av frivillige og styrking av søndagsskulen. Søndagsskulen gjennom sine trufaste leiarar, gjer at kyrkja vert ein naturleg samlingsplass for heile familien søndagane.

Soknepresten melder om eit år der evangeliet vart forkynt, Jesus midt i blant oss som samlast i Hans namn og ei rekke personar som ikkje kallar seg kristne fekk høyre bodskapen om Jesus. Vi hadde taleseriar frå Johannesevangeliet og Filipparbrevet, med positive tilbakemeldingar og gunstige moglegheiter. Soknerådet har hatt samtale om kyrkjeårets fokus og tekstrekkene, noko som også er viktig å vektlegge.

Det var 4-6 færre gudstenester i 2018 enn dei 3 foregåande åra, med litt aukande deltakarar. Nattverdeltakarar har auka litt og det er nattverd på kvar gudsteneste med 2 utdelingsstadar i kyrkerommet.

### **Dåp**

37 døypte i 2018 derav 22 busette i soknet. (42 dåp 2017). Dåpstalet er synkande. Kyrkja får ikkje lenger tilgang til informasjon frå folkeregisteret om fødde, så vi har ikkje moglegheit til å sjå om grunnen er synkande fødselstal eller anna. Muligens er ikkje den prosentmessige utviklinga i forhold til fødselstal så stor. Uansett er det viktig å nå ut til foreldre med invitasjon til dåp. Sidan ein ikkje har same informasjonstilgangen angående nyfødde, har vi ikkje muligheit til å sende invitasjon til medlemar som får barn. Det vert viktig med nye og gode strategiar for å nå ut med invitasjon. Både DNK nasjonalt og på Bispedøme har dette som satsingsområde, og har laga inspirasjonshefte for kyrkjelydane . Tilsette i kyrkja, men også andre kan vere med å invitere til dåp, og dele kva dåpen gir. Ein levande kyrkjelyd som møtes søndagar og til planlagde og uformelle møter gjennom veka, deler evangeliet i ord og handling. Det er med å skape tru, og gi vekst i trua. Vi set meir fokus på dåp i 2019.

### **Vigslar**

Det har vore 5 vigslar dette året.

### **Gravferder**

Gjennom 65 gravferder har sørgande fått høyre evangeliet, fått musikk av svært høg kvalitet og praktisk hjelp. Mange frivillige har også brukt tid saman med sørgande. Dette er ein viktig del av vårt diakonale arbeid.

### **Husgrupper**

Fleire hus og bønegrupper samlast utanom gudstenestene. Dei kan symbolisere eine vingen av eit fly, der gudstenestene er den andre. Skal Sykkylven kyrkje ”fly”, er samlingar med andre kristne med bøn og bibel viktig. Husgruppene har moglegheit til å følge same bibel-opplegget som gudstenestene. Vi ynsker at gjestfridom i heimane kan spele ei enda større rolle i måten vi gjer Sykkylven til ein god plass å bu.

### **Meditasjons og bønensamlingar**

I kapellet kvar torsdag, skjer eit av kyrkja sine viktige arbeid. Det er kanskje ikkje like synleg eller nemnt som mange andre oppgåver, men dette viktige meditasjon og bønearbeidet er med med å bere anna arbeid. Samlingane har ein kort liturgi.

### **Økonomi**

Pr. 31.12.2018 har Sykkylven sokneråd kr. 2 056 313,- i diverse fond.

Fondssaldo ved utgangen av 2018 er kr. 339,- høgare enn ved utgangen 2017.

Avsetninga til fond var kr 125 410,-, medan bruken var på kr 125 071,-.

Detaljert regnskap kan ein få ved å ta kontakt med kyrkjevevjen.

### **Reduksjon i biskopens presteneste**

Lågare rammeoverføring frå staten til Møre bispedømeråd gjorde at vi i 2018 fikk ein reduksjon i prestenesta for Sykkylven-Ikornnes frå om lag 2 årsverk til 1,6 årsverk. Eit så stort kutt er sjølvsagt både trist og alvorleg, men det gir også auka motivasjon til å peike på at vi er del av ei evangelisk-luthersk kyrkje. Om dette seier biskop

Midttømme: «folket ble myndiggjort og medansvarlige i å være en evangelisk-luthersk folkekirke.» Kyrkja i Sykkylven er med andre ord ikkje styrt av det geistlege embetet åleine, men også av eit lokalt sjølvstyre. På vegne av sokna og den lokale kyrkja har sokneråda dermed eit leiar- og styringsansvar for den grunnleggjande eininga i Den norske kyrkja (jf. kyrkjelova §2).

Som mottiltak til redusert presteteneste i Sykkylven-Ikornnes vedtok Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd å løyve ein budsjettpost til leige av presteressurs. Sykkylven sokneråd vedtok ei årleg overføring på kr 50 000,- og Ikornnes sokneråd kr. 25.000,- til felles fond for sokneråda; – avsett til trusopplæringsarbeid. Det bidreg mellom anna til å oppretthalde gudstenestefrekvensen som tidlegare år.

### **Fast gjevarteneste**

Talet på faste gjevvarar har auka med 3 personar samanlikna med år 2017. Kyrkja har dermed 28 faste gjevvarar i Sykkylven-Ikornnes som til saman gav kr. 148.200,- i 2018. Dette er om lag kr. 10.000,- meir enn året før, men om lag kr. 38.000,- lågare enn i 2016. For å unngå meirforbruk og ei «tapping» av opparbeida fond er det behov for auke i fast gjevarteneste. Dette særleg med tanke på arbeidsgjevvaransvaret for trusopplærar, ungdomsarbeidar og budsjettposten til leige av presteressurs som kyrkjelydane har i åra som kjem.

## **TRUSOPPLÆRINGA 0-18 ÅR**

Mål : 2. Fleire søker dåp og trusopplæring

I trusopplæringa i kyrkjelydane Ikornnes- Sykkylven er Katrine Numme tilsett i 100 % stilling som ungdomsarbeidar og Anna Myklebust som trusopplærar 80 % stilling. Trusopplærar har ansvar for trusopplæringa frå 0-12 år, og ungdomsarbeidar leiaransvar for trusopplæring frå 13-18 år. Desse stillingane er dels finansiert av trusopplæringsmidlar og innsamla midlar plassert i fond.

Viktigst er samarbeidet med alle dei frivillige i kyrkjelyden og resten av staben som bidreg på ulike måtar og opnar opp kyrkjene for born og unge. Trusopplæringa skjer først og fremst i heimane, men i kyrkja ønsker vi å bidra med trusopplæring som:

- vekker og styrker kristen tru - gir kjennskap til den treeinige Gud
  - medverkar til kristen livstolking og livsmeistring
  - utfordrar til engasjement og deltaking i kyrkje og samfunnsliv lokalt og globalt.
- Trusopplæringsplanen heiter : ”Gud gir, vi deler” - vi vil dele vidare det Gud gir.

### **Samarbeid med organisasjonar**

Vi samarbeider med fleire, bl. a. Sprell levende- søndagsskuleforbundet, Ung kirkesang, Fjellseterlaget, KFUK-KFUM, KRIK, Laget, NMS og NLM. Vi gjer erfaringar om at samarbeid er viktig.

### **Viktigaste erfaringar i 2018**

Trusopplærar og ungdomsarbeidar har hatt fokus på faste tiltak i kyrkjelydane. Vi har ein flott **søndagsskule** drive av frivillige i samarbeid med tilsette. Den gir tilbod til borna kvar søndag utanom enkelte gudstenester og sommarferien- og utgjer ein basis i trusopplæringa i kyrkjene. Stort behov for arbeid for gutar 5.-7.klasse.

På **fredagsklubben** møtast 70 - 90 5.-7. klassingar frå heile bygda annakvar fredag 6-8 gongar pr semester. Dette involverar mange frivillige/foreldre, og klubben er med å opne opp kyrkja for born og unge. Borna får leike, spele playstation og dataspel,

teikne og lage ting. Lydnivået har gått litt opp etter mobilfri sone vart innført, men leiarane ser på det som positivt at barna leikar og har det kjekt. I pausen er det andakt, og i år har ein lært borna bønna «Vår Far». Fredagsklubben har vore eit tilbod i over 10 år, og det er ikkje få unge som har vore innom.

Aktivitetsrommet vart pussa opp sommar 2018, og vart meir passande for born og unge. Ein vil arbeide med utsmykking av dette rommet, og få i gang nye digitale spel som er kjekt for ungar på klubben m.fl. For å vere attraktiv plass for gutar og jenter frå 9-13 år, er det eit mål å følge med på trendar og interesser. Difor har klubben eit ønske om å kjøpe inn ein spelsimulator der borna kan få ei spennande oppleving. Til dette formålet er vi interesserte i sponsorar og gode tips.

**Leir**-fokus har gjort at vi har arrangert familie-leir, kor-weekend for Jippi-koret og weekend for Blessing og eldste i Jippi som førebuing til julekonsert, i tillegg til faste konfirmant-weekendar.

I **kyrkje-skule** samarbeidet inngår det skulegudstenester før jul. Skulane kom til kyrkja på skulegudsteneste også i 2018. Positivt for samarbeidet er førebuing med juleteikningar i 5.kl og pynting av englar 4.kl. I år har også Ikornnes delteke, so no er alle skulane med. Trusopplærar og prestar besøker fast 5.kl ein skuletime og har undervisning om Bibelen, før utdeling av biblar på våren. Skulane er positive til samarbeid, også angående informering for ulike arrangement og tiltak. Kantor og trusopplærar besøkte i år barnehagane og hadde ein førjuls song-stund med julesongar i samband med utdeling av CD med innspelt jule-akkompagnement av Rose I Stave. Dette var positivt, også som førebuing til barnehagegudstenester.

**Babysong** er eit fast tiltak som positivt samlingspunkt for babyar og mødre, og foreldre og barn møtes både i kyrkjekjellaren og på BUAS. Når barna blir større kan dei gå over til **småbarnsong** onsdag ettermiddagar i samband med onsdagsmiddag. Onsdagsmiddag har haldt seg oppe som eit populært og positivt tiltak for familiar.

Viktige breiddetiltak for born opptil 12 år, er **utdelingar av bøker** til 4 og 6-åringar i løpet av året, utdeling av biblar til 11-åringar, og elles Barrabas-samling for 5-åringar, **Tårnagent**-helg for 3.kl og **Lys Våken** for 6.kl.

Ungdomskvelden **XLR8** og **KRIK** har hatt pause frå vår 2018, pga. få oppmøtte og få vaksenleiarar. Men hausten 2018 starta det opp igjen. KRIK har hatt lavt deltakartal, mens det har vore ein fin liten gjeng med på XLR8. KRIK har trening kvar laurdag, medan XLR8 blir arrangert ein laurdag i månaden. **Laget** har god aktivitet heile året. **BlesSing** har halda seg stabilt med eit medlemstal på 15 stk. I juni viste BlesSing fram ein musikal, og jentene i BlesSing fikk nærare relasjonar til kvarandre gjennom mange timer med øving av dans, song og drama. Våren 2018 var 7 stk med på MILK leiarkurs. H- 2018 var 11 stk med (fullføring v-2019). Å auke fokuset på leiartrening stabiliserar tiltak i ungdomsarbeidet, då leiarane vert med via praksis i leiartreninga.

**Konfirmantar** 77 stk starta h-2018 med Delta - eit nytt konfirmantopplegg: 19 samlingar m/ film og presentasjonar. Konfirmantundervisninga vert lettare for prestane og ungdomsarbeidaren. Førebuingstida har blitt korta ned – som fører til meir tid til å ta tak i andre tiltak og opplegg/aktivitetar. Konfirmantane får eiga konf-logg-bok som dei skriv i og brukar i smågruppe etter undervisning. Frivillige gruppeleiarar. Vi ser dette som eit godt og riktig opplegg for konfirmantarbeidet.

**Fadderposen** som vart innført januar 2017, er godt innkøyrd, og vert utdelt etter gudstenesta saman med dåpsattesten. Dei er med å sikre at fleire døypte får gåvene frå kyrkjelyden. Dette fører til at vi i 2020 kan vi innføre samlingar som fokuserer på barnebibelen som dei får utdelt frå posen. Vi har fortsatt eit potensiale for å utvikle heimesida til å presentere trusopplæringsarbeidet.

### **Kompetanseutviklingstiltak**

Tilsette og frivillige vert sendt på kurs for læring og inspirasjon i arbeidet. Trusopplæringskonferansen blir arrangert av den norske kyrkja og har vore prioritert hittil.

## **SONG OG MUSIKK**

### **Korarbeid**

Barnekora, småbarnssang og babysang er tilknytta Ung kirkesang. Rose I. Stave er prosjektansvarleg saman med domkantor i Molde, Tone Synnøve Steinkopf for spennande samarbeid om dirigentkurs for 33 unge dirigentar kvart halvår, Molde/Sykkylven. Fokus er å lære unge direksjon og musikk. Kursa bygg på kvarandre, og deltakarane får tilbod om å ta prøve for å kome på neste nivå til neste kurs.

Både BlesSing, Jippikoret og Barnekoret Super held to konsertar på BUAS kvart år. Også Kor Kjekt har i alle år gjort dette, og dei avslutta våren 2018 med å gå rundt på avdelingane og synge for dei eldre. Dei hadde også opptreden i gudsteneste saman med Jippi Koret. Dirigent vårsemesteret var kantor. Ikornnes Jentekor og BlesSing hadde julesong-weekend på Orreneset.

Sancta Luciamorgon med barnekoret Super får mange lovord frå dei som kjem.

### **Organistar**

Trine Ramnefjell sa opp si 20%stilling i haust med verknad frå 1.1.19. (Ny tilsett organist er Savi Perera.) Som fast vikar ein søndag pr mnd har vi Vidar Hovden. Andre organistvikarar vi gjerne nyttar er Tor Einar Steinsvik og Askjell Molvær.

### **Orgel og cembalo**

Oppstart av Orgelklubben i Møre, ansvarleg Ung Kyrkjesong Møre. Rose I. Stave er leiar og Gunnar Inge Eide sekretær/kasserar. 5 samlingar i 2018, den første i Ikornnes og Sykkylven samtidig som dirigentkurset og i samarbeid med dette. Pianoelevar i kulturskulen får undervisning på orgel av sin eigen lærar eller av kantor. Vi fekk eit handlaga cembalo på prøve, og kjøpte det. Instrumentmakar: Randulf L. Skjærset, Instrumentet er brukt i fleire konsertar og gudstenester, til glede for mange. Komite for innsamlingsaksjon: Oline Strømmegjerde, Viktor Klokk, kyrkjeverge og kantor.

### **Songgrupper**

«Lovsongsgruppa» v/Helene Kampenes deltek i ei gudsteneste pr månad. Dei har også hatt åleineansvar for songen i Lovsongsgudsteneste utan organist.

«Forsongargruppe» v/kantor har delteke i tre gudstenester i vårhalvåret.

«TRIO» v/Bente Bjørnstad Myrseth, Gunlaug B. Tandstad og Eldbjørg Ebbesvik deltek i gudstenester og bedehus. Bandet v/kantor er med på øvingar og på opptreden.

## Kyrkja i bygda

Vi er glad for dei som øver i kyrkja og deler song/musikk i gudstenester og konsertar.

**Sykkylven Gospelkor** v/dirigent Turid Skjelten (fram til sommaren) og dirigent Savindri (Savi) Perera (frå medio august) øver fast i Sykkylven kyrkje på måndagar, og deltek i gudstenester som ein del av leiga. **Velledalskoret** v/dirigent Solveig Håvik øver fast i Sykkylven kyrkje torsdagar, og deltek i gudstenester som ein del av leiga. Fast tradisjon er Helgemesse-gudstenesta. **Jubasong** v/ Linn Tårnes starta h- 2018 med fast øving i Sykkylven kyrkje mandagar, og dei deltek i gudstenester som leige. **Sykkylven Janitsjarorkester** øver i Sykkylven kyrkje før og etter jul, og dei spelar kvart år 1.juledag. Ein klarinettist spelte i 2018 for 50ande året på rad!

Musikkfestdagar, felles julekonsertar, nyttårskonsert og andre felleskonsertar: store kyrkjekonsertar der kyrkjerommet, orgel, cembalo og kantor er ein sjølvstendig del av musikklivet. Kyrkjevevje jobba med musikkplanlegginga, og dei er no blitt veldig bra.

**Kulturskulen** feira 40-årsjubileum i 2018, med jubileumskonserten i Sykkylven kyrkje. Elevkonsertar har dei kvart år i kyrkjene, der også orgel og cembalo blir brukt. Spesielt i 2018 var konserten dei hadde i samarbeid med ungdomsorkesteret «Indre Strøk», der cembaloet vart brukt saman med orkesteret til barokkmusikk.

«**Saft Suse**» v/Åge Frøystad deltok på kyrkjemessegudstenesta i september.

## VURDERING 2018

I forhold til 2017 som hadde både bispevisitas og skifte av prest, har 2018 vore eit år med meir ordinær drift. Staben ser mykje positivt i det som har skjedd.

Dei trekker fram kyrkjemessa, seniordag og leiartrening som gode møtestadar.

Soknerådet si oppgåve er å **vekke og nære** det kristne arbeidet i kyrkjelyden.

**I forhold til DNK sine mål :**

**1. Gudstenesteliv som blomstrar.** Vi har eit mangfaldig gudstenesteliv der vi vil fortsette å involvere fleire. Viktig at både form og forkynning kan møte flest mogleg og best mogleg slik at den einskilde kjenner at ein har ein "heim i di kyrkje på jorda".

**2. Fleire søker dåp og trusopplæring** (sjå tabell)

**3. Folkekyrkja engasjerar seg i samfunnet.** Gjennom mellom anna diakoni, godheitsveka, fasteaksjon, misjonsprosjekt, kirkens SOS, kommunikasjonskurs/samarbeid med etatar, mykje forebyggjande arbeid mellom born og unge. Kyrkjelydsmedlemar har stort engasjement i samfunnet i møte med medmenneska sine på ulike arbeidsplassar og i nabolag.

**4. Fleire får lyst å arbeide i kyrkja.** Det er eit langsiktig mål, og den måten vi som kyrkje møter frivillige, unge og vaksne, vil være med på å avgjere dette.

### Uttale/vurdering frå sokneråd:

Arbeidet i kyrkjelyden er godt utført av ein dyktig stab og mange frivillige. Det er høg aktivitet i kyrkjelyden, med satsing på trusopplæring og arbeid blant unge.

Møteplassar som kyrkjekaffi og onsdagsmiddag er viktige tiltak som fungerer godt. Dette er eit stort diakonalt arbeid, som involverer mange frivillige. Det er eit ynskje om at endå fleire tek initiativ, so fleire vert inkludert, sett og samtalt med.

Kan vi gjere meir for at dei som kjenner seg utanfor, kan bli inkludert? Når nokon vert forhindra i å ta del i fellesskapet,- korleis kan vi inkludere og vere kyrkje då?

*Diakoniplanen understrekar : Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd. Er vi ei slik kyrkje? Sykkylven - og Ikornnes kyrkjelyd har gjennom sin diakoniplan visjonen: Levande tru – levande liv.*

## ARBEIDET VIDARE

Ikornnes og Sykkylven sokneråd hadde saman med staben, ei felles strategisamling i 2017. Gruppearbeid gav desse stikkorda: Fellesskap, tryggleik for tru og for tvil, påfyll, inkludering – samla i ordet HEIM. Heim med rom for ulikskap. Kyrkja: - trusfellesskap, - ikkje meningsfellesskap. Ein stad der tru, håp og kjærleik vertikalt og horisontalt kan erfarast. Vi vil invitere til frivilligheit og fellesskap, samt bruke sosiale medier aktivt, og at dette skal vere med å legge strategi og plan for kyrkjelydane i vidare arbeid. Dette fokuset vil vi vidareføre i 2019.

Målsettinga for 2019 er også å satse meir på leiarar til barne- og ungdomsarbeidet. Ein berebjelke i barne og ungdomsarbeidet er ungt ansvar, vaksen-nærvær. Erfaringar frå barne og ungdomsarbeid er at mange unge ynskjer å delta, men den store mangelen av vaksne, gjer at ein må legge ned arbeid. Frivillige medarbeidarar er eit livsnødvendig fokus i arbeidet for alle aldrar. Mulighetene er mange for frivillige, til å engasjere seg i ulike greiner av arbeidet. Viktig med tilrettelegging, informasjon og oversikt over arbeid og behov, samt å spørre om kva som er passande oppgåver for den enkelte. Ein levande kyrkjelyd har medlemar i alle aldrar som engasjerer seg, og får glede av alt det gode som skjer!

Vi vil takke for godt samarbeid med frivillige og stab som gjer ein stor innsats.  
” .. Gud er mektig til å gje dykk alle gåver i rikt mål, så de alltid og i alle høve skal ha alt de treng, ja, ha overflod til all god gjerning.” 2.Kor.9.8.

Sykkylven kyrkjelyd vil vitne i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere : **Vedkjennande, open, tenande og misjonerande.**  
Vi vil tilbe og vedkjenne trua på den treeinige Gud, saman med den verdsvide kyrkja.

Ved kvar dåp høyrer vi : ”*Dette er Guds barn, døypd inn i vår kyrkjelyd, og i Kristi verdsvide kyrkje!*” Ei kyrkje utan misjon og som ikkje ser utover seg sjølv, er som eit hus utan vindu, der lyset ikkje slepp til. Kyrkja sitt utgangspunkt er å gi vidare,- dele.

**”La riket ditt koma,- la viljen din råda på jorda slik som i himmelen!”**

**Meir himmel på jorda** er Den norske kyrkje sin visjon. Det kan virke som for store ord å bruke til kvardags. Kven er eg, som skulle kunne bidra til meir himmel på jorda? Men det er nettopp det vi er kalla til. Spør kva Jesus ville gjort i situasjonen. Tenke over kva mitt bidrag kan være, for meir himmel på jorda dette året. Meir himmel på jorda– det er et fantastisk samfunnsoppdrag å ha! Gjere livet litt lettare for nokon rundt oss, bidra til å løfte skydekket bittelitt, be for nokon, vise veg til Jesus, være ein god kollega, hjelpe andre til å lukkast, sjå at vi saman kan løfte myke meir enn vi klarer aleine.

I lokalkyrkja, i Den norske og verdsvide kyrkje er vi mange som vil lyfte saman. Difor kan vi håpe at det i arbeidsåret 2019 kan bli **”meir himmel på jorda”** lokalt, nasjonal og globalt.

For Sykkylven sokneråd  
May Lisbeth Hovlid Aurdal  
- Soknerådsleiar -

Årstall	Tal gudstenester	Tal deltakarar	Snitt	Tal nattverd-gudstenester	Tal nattverds-deltakarar	Snitt	Gudstenester på søndag og helgedagar	Tal deltakarar på søndag og helgedagar	Snitt	Døypte
2014	70	14953	214	32	2689	84	56	12585	225	56
2015	64	12377	193	33	2811	85	51	10466	205	51
2016	65	12444	191	27	1939	72	50	10479	210	40
2017	63	11516	183	36	2729	76	51	7348	144	40
2018	59	11881	201	40	3073	77	50	8469	169	37

Årstall	Tal på fødde i Sykkylven kommune	Tal på dåp i Sykkylven kyrkje	Prosent døypte av fødde i kommuna
2014	80	56	70%
2015	83	51	61%
2016	77	40	52%
2017	55	40	72%
2018	-	37	-

Tala i tabellen tek ikkje omsyn til at ein del av dei døypte ikkje er fødde i Sykkylven.

Gudstjenestestatistikk

Valgt periode: 01.01.2018 - 31.12.2018

Sted(er) Sykkylven

Utskriftsdato 17.01.2019

Antall gudstjenester og deltakere

	<u>Antall gudstjenester</u>	<u>Antall deltakere</u>
Avholdt på søn - og - helligdager?	50	8469
Avholdt utenom søn - og - helligdager?	9	3412
Totalt(sumfelt)	59	11881

Fordel totalt antall gudstjenester på nytt, etter hvilket sted de foregikk

	<u>Antall gudstjenester</u>
i soknets kirke(r)?	59
på institusjon i soknet?	0
på et annet sted, verken i soknets kirke(r) eller på institusjon i soknet?	0
Totalt antall gudstjenester	59

	<u>Antall gudstjenester</u>	<u>Totalt antall til nattverd</u>	<u>Totalt antall til skriftemål</u>	<u>Totalt antall deltakere</u>
3.C.1 Gudstjenester med nattverd	40	3073		5496
3.C.2 Gudstjenester med skriftemål	0		0	0
3.C.3 Hovedgudstjenester særlig tilrettelagt for barn	7			1307
3.C.4 Gudstjenester for ungdom	1			314
3.C.5 Gudstjenester for barnehagebarn	2			343
3.C.6 Gudstjenester for skoleelever	3			951
3.C.7 Gudstjenester med dåp	15			2396
3.C.8 Konfirmasjonsgudstjenester	4			2196
3.C.9 Julaftensgudstjenester	3			1099
3.C.10 Gudstjenester i påsken	2			271
3.C.11 Gudstjenester Kristi Himmelfartsdag	0			0
3.C.12 Gudstjenester i pinsen	1			127
3.C.13 Gudstjenester med samisk innslag	0			0
3.C.14 Allehelgensgudstjenester	1			231
3.C.15 Økumeniske gudstjenester	0			0
3.C.16 Temagudstjenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon	1			400

Hvor stort beløp ble samlet inn ved offer/kollekt i kirken?(Totalt beløp/hele kroner) kr 271 852,00